

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 20.10.2022
Sakhandsamar: **Arve Varden og Øystein Helleseeth**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per september 2022**

Arkivsak

2022/89

Styresak 054/2022

Styremøte 27.10.2022

Framlegg til vedtak

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per september 2022 til vitende.

Administrerende direktør si vurdering

Den økonomiske utviklinga og tal fristbrot i Helse Førde er framleis alvorleg, sjølv om september syner ei betring i høve føregåande månader. Like fullt har ikkje aktiviteten vore på ønska nivå, og dette medfører framleis høge ventetider og mange fristbrot.

Resultatet til no i år er 47,9 millionar bak budsjett. Administrerende direktør er likevel isolert nøgd med resultatet i september som vart 0,1 mill. Det er 2,4 millionar lågare enn budsjett for månaden. Samanlikna med august og juli er dette ei positiv utvikling og trygger prognosen som er kommunisert på mellom 60 og 70 millionar bak budsjett. Hovudårsaka til avviket er vesentleg høgare løn- og personalkostnader, samt lågare aktivitet. Som tidlegare peika på kjem dette som følge av høgt fråvær, pandemien og innføring av store ressurskrevjande prosjekt. Styringsfarten er framleis for høg, og Helse Førde vil ikkje nå budsjettkravet for 2022.


Administrerende direktør registrerer at forslag til statsbudsjettet for 2023 er svært stramt. Det er ikkje lagt inn kompensasjon for at inflasjon, og lønnsoppgjør i 2022 blir høgare enn føresetnadene i budsjettet. Vidare er det heller ikkje lagt inn kompensasjon for høg prisvekst på byggeprosjekt. Arbeidet med å tilpasse aktiviteten til dei økonomiske rammevilkåra er difor svært krevjande, noko som vil kunne få konsekvensar for tilbodet Helse Førde yter til innbyggjarane.

Tiltak for å redusere styringsfarten pågår for fullt i klinikkane. Det er framleis eit mål, sjølv om forslag til statsbudsjett gjer det krevjande, at eventuelle nye tiltak ikkje skal gå ut over kjerneoppgåvene våre. Administrerende direktør har stramma inn på tilsetjingar, innkjøp og vedlikehald bygningar, samt at vi fortløpande kritisk vurderer pågåande og nye prosjekt.

Aktiviteten for september er lågare enn budsjettet. Målt i DRG-poeng, utan H-resept, er aktiviteten 8,1 prosent under budsjett. Aktiviteten hittil i år per september er 96,1 prosent målt mot budsjett, dette gjev samla eit avvik på 788 DRG-poeng.

Aktiviteten i psykisk helsevern har i perioden vore lågare enn budsjett, men høgare enn fjoråret. Dette gjeld også når ein ser på aktiviteten hittil i år.

Oversikt over pasientflyten i Helse Førde syner at tal avslutta forløp er noko lågare enn tal nytilviste. Tal pasientar som ventar på å starte behandling har gått opp, og er no 11 prosent høgare enn same periode i fjor.



Innan somatikken har vi framleis ei stor utfordring med lange ventetider og mange fristbrot. Samstundes tyder tala på at vi er i ferd med å ta unna ventelisteøk. Ventetid for behandla er høg (85 dagar), men noko av dette skuldast nok at det er ein del pasientar som har venta gjennom sommarferien. Ventetid for ventande er høg (76 dagar), men på veg nedover. Nær alle avdelingar har redusert ventetida for ventande samanlikna med førre måned. Talet på fristbrot gjev framleis grunn til uro (382 nye fristbrot),

men trenden er på veg nedover. Det er aukande bruk av HELFO-ordninga ved fristbrot, og det var i september 50 pasientar som tok imot dette tilbodet. Det er indikasjonar på at utfordningar knytt til DIPS Arena gjør at dei reelle tala for ventetider og fristbrot er noko lågare enn det som er skildra her.

Innan psykisk helsevern og rus er det iaugefallande betring knytt til psykisk helsevern for barn og unge (PBU), både knytt til ventetid for behandla (frå 65 til 43 dagar) og ventetid for ventande (frå 39 til 31 dagar). Det er som vanlig gode tal for psykisk helsevern for vaksne (PHV) og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB).

Det er ein tydelig betring knytt til tildelt direkte time innan 10 dagar (79 prosent). Spesielt innan medisinsk klinikk har fokuset på å sende ut brev til pasientane innan 10 dagar gitt gode resultat (90 prosent).


Helse Førde hadde i august eit sjukefråvær på 6,1 prosent. Det er ein nedgang på 2,2 prosentpoeng mot føregåande månad, og eit betydeleg lågare nivå enn det som har vore tidlegare i år. Det er også 0,8 prosentpoeng lågare enn tilsvarande månad i fjor. Dette er ei svært gledelig og positiv utvikling.

FAG

Ventetid for ventande ved periodeslutt

Gjeld ventetid for nytilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:

- Somatikk: 76 dagar ved utgangen av september (80 i august). 65 i september i fjor. Altså +11 frå i fjor.
- PHV: 19 dagar ved utgangen av september (32 i august). 22 i september i fjor. Altså -3 frå i fjor.
- PBU: 31 dagar ved utgangen av september (39 i august). 22 i september i fjor. Altså +9 frå i fjor.
- TSB (rus): 15 dagar ved utgangen av september (14 i august). 12 i september i fjor. Altså +3 frå i fjor.




Merk: Sidan ventedagar for rus har hoppa kraftig opp i forhold til tidlegare rapportar for månadene februar til mai, så må dette skuldast ein «teknikalitet».

Ventetid - helsehjelp starta i perioden


Gjennomsnittleg ventetid for dei nytilviste som fekk starta behandling i september var:

- Somatikk: 75 hittil i år (85 dagar i september) – måltal er 50. 67 hittil i fjor. Altså +8 frå i fjor.
- PHV: 36 hittil i år (35 dagar i september) – måltal er 40. 31 hittil i fjor. Altså +4 frå i fjor.
- PBU: 51 hittil i år (43 dagar i september) – måltal er 35. 47 hittil i fjor. Altså +4 frå i fjor.
- TSB (rus): 25 hittil i år (25 dagar i september) – måltal er 30. 28 hittil i fjor. Altså -3 frå i fjor.



Fristbrot – måltal 0

- Førebels registrert 344 fristbrot på behandla pasientar i september svarande til 18,8 prosent av behandla i september (16,3 prosent i august). Gjennomsnitt for Helse Vest er 9,6 prosent.
- Førebels registrert 382 nye fristbot i september, svarande til 14,0 prosent av alle med frist i september (14,5 prosent i august).



AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Denne periode				Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 659	1 821	-163	1 791	-133	15 019	15 797	15 325	-305
DRG-poeng poliklinikk, A	455	480	-24	497	-42	3 845	3 929	3 964	-119
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	102	94	8	82	20	1 648	1 611	1 435	213
DRG-poeng tilhørende andre regionar, (B)	65	72	-6	63	3	609	535	568	41
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 282	2 467	-185	2 434	-152	21 121	21 872	21 291	-170
DRG-poeng behandla andre regionar, (C)	64	163	-98	156	-92	1 082	1 339	1 093	-11
Sum DRG-poeng eigne pasientar (A+C)	2 281	2 558	-277	2 527	-246	21 594	22 676	21 817	-222
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 297	1 400	-103	1 439	-142	10 975	11 548	11 527	-52
Tal sjukehusopphald	1 459	1 580	-121	1 540	-81	12 929	13 844	13 721	-79
Tal polikliniske konsultasjonar	10 770	10 951	-181	11 202	-432	88 907	90 154	91 458	-2 551


Perioden

Aktiviteten i perioden er 2,9 prosent lågare enn budsjett målt i totale tal behandlingar, og dette er 4,6 prosent lågare aktivitet enn tilsvarende periode i fjor. Samla DRG-produksjon i somatikken var 7,5 prosent lågare enn budsjett (-185 poeng) i perioden, noko som er 6,2 prosent lågare enn i tilsvarende periode i fjor (-152 poeng).

Til no i år

Samla er aktiviteten 2,4 prosent lågare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, og 3,4 prosent under fjoråret. DRG-produksjonen hittil i år er 3,4 prosent under budsjett (-750 poeng), og 0,8 prosent lågare enn akkumulerte tal per september månad i fjor (-170 poeng). Det er registrert kodeforbetring med 194 poeng i perioden, noko som gjev positiv effekt for tala hittil i år.

Beleggsprosent



Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode				Til no i år					
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 510	1 561	-51	1 489	21	13 364	14 273	-909	13 248	116
Tal utskrivne pasientar	85	88	-3	71	14	707	777	-70	686	21
Polikliniske kons. m/refusjon	2 253	2 357	-104	1 908	345	17 955	20 560	-2 605	16 472	1 483
Rus										
Tal heildøgnsopphald	519	636	-117	518	1	4 620	5 560	-940	4 606	14
Tal utskrivne pasientar	19	19	0	18	1	174	180	-6	133	41
Polikliniske kons. m/refusjon	213	260	-47	160	53	1 857	2 339	-482	1 846	11
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	83	96	-13	101	-18	985	876	109	874	111
Tal utskrivne pasientar UPH	16	6	10	5	11	95	60	35	59	36
Polikliniske kons. m/refusjon	2 025	1 674	351	1 803	222	13 616	13 800	-184	13 430	186

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)


Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore bra i perioden med aktivitet litt lågare enn plan. I høve fjoråret har vi auke i aktiviteten.

Innan TSB ser vi det same biletet, der døgnopphald er lågare enn venta. Også her har vi høgare aktivitet enn i fjor.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore god for alle poliklinikkane. Det er framleis svært stor tilstrøyming av nye tilvisingar til psykisk helsevern for born og unge, og dette er krevjande å og følgje opp med tilgjengelege ressursar.

Beleggsprosent



ØKONOMI

Artskonto	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil	Årsbudsjett
⊕ Pasientrelatert inntekt	81 797	82 586	-789	679 418	706 020	-26 602	950 953
⊕ Basistilskudd	192 747	190 474	2 273	1 685 943	1 665 766	20 177	2 261 003
⊕ Andre inntekter	6 826	5 911	914	48 889	50 323	-1 434	68 190
☐ Sum Driftsinntekter	281 369	278 971	2 399	2 414 251	2 422 110	-7 859	3 280 146
⊕ Varekostnader og Helsestjenester	-37 128	-41 558	4 430	-341 135	-352 845	11 710	-492 242
⊕ Lønn- og personalkostnader	-196 297	-188 883	-7 415	-1 674 763	-1 628 659	-46 104	-2 198 410
⊕ Øvrige kostnader	-39 363	-37 666	-1 697	-348 697	-343 688	-5 009	-459 994
⊕ Av- og Nedskrivning	-8 094	-7 923	-171	-72 156	-71 241	-916	-95 000
☐ Sum Driftskostnad	-280 883	-276 030	-4 853	-2 436 752	-2 396 433	-40 318	-3 245 646
☐ Driftsresultat	486	2 941	-2 455	-22 501	25 677	-48 178	34 500
⊕ Sum Finans	-393	-441	48	-2 909	-3 177	267	-4 500
☐ Totalresultat	93	2 500	-2 407	-25 410	22 500	-47 910	30 000

Perioden

Resultatet i september måned er positivt med 0,1 millionar kroner, noko som er 2,4 millionar kroner svakare enn budsjett. Aktiviteten er lågare enn budsjettet.

Det er eit mindreforbruk på varekostnader som følgje av gjestepasientar og lågare kostnader til H-resept enn budsjettet. Det er eit meirforbruk knytt til medisinsk heimebehandling og andre varekostnader. Det er også eit negativt avvik i høve budsjett på øvrige kostnader, noko knytter seg til kjøp av utstyr/forbruksmateriell, kostnader til elektrisitet, drivstoff og andre driftskostnader. Pasienttransport har eit mindreforbruk i perioden.

Løn- og personalkostnader er i perioden 7,4 millionar høgare enn budsjett. Det er, som i tidlegare månader, eit meirforbruk på innleige, overtid og variable tillegg. Estimerte kostnader til pandemien for september er 0,8 millionar kroner i perioden, hovudsakleg knytt til løn.

Akkumulert

Resultatet hittil i år er -25,4 millionar kroner, som er 47,9 millionar bak budsjett. Pasientrelaterte inntekter er akkumulert 26,6 millionar kroner bak budsjett. Samla er inntektsavviket på -7,9 millionar kroner. Lågare avvik er som følgje av inntektsføring av kompensasjon for tapte ISF-inntekter.

Hittil i år er det eit meirforbruk på H-resept, men mindreforbruk på medikamentkostnader elles. Det er eit mindreforbruk knytt til gjestepasientar og pasienttransport som bidreg til eit samla positivt avvik på varekostnader. Kostnader knytt kjøp av utstyr/forbruksmateriell, samt noko avvik på andre øvrige kostnader, medfører eit negativt avvik på 5,0 millionar kroner.

Det er eit samla meirforbruk knytt til løn- og personalkostnader på 46,1 millionar kroner så langt i år. I dette biletet er utgifter som følgje av covid-19 kompensert gjennom tildelte midlar, og avviket illustrerer overforbruket akkumulert i klinikkane.


Likviditet

Per utgangen av juli 2022 hadde Helse Førde ein negativ likviditet, det vil seie trekk på kassekreditten, på -100 millionar kroner. Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 473,5 millionar kroner som skal dekke pensjonsforpliktingar.

Utviklinga i likviditeten til helseføretaket er negativ som følgje av manglande resultatoppnåing. Samstundes er det høg aktivitet knytt til NFS, noko som også medfører større svingingar i likviditeten.

MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær



Samla sjukefråvær i august var 6,1 prosent. Det er ein betydeleg reduksjon frå juli månad på 2,2 prosentpoeng. Det er også 0,8 prosentpoeng lågare enn tilsvarande månad i fjor, og eit lågare nivå enn ein har sett siste året i føretaket.